

**Årsmøte HEF Nordhordland  
20.02. 2014 kl. 1900  
Biblioteket – Knarvik**

**SAKLISTE:**

- **Opning av årsmøtet.**
  
- 1. Godkjenning av innkalling og sakliste**
- 2. Val av møteleder og skriver**
- 3. Val av to medlemmer til å skriva under protokollen**
- 4. Årsmelding 2013**
- 5. Rekneskap for 2013**
- 6. Budsjett for 2014**
- 7. Val**

## SAK 4: Årsmelding 2013

1. Verv i laget	2013	2014	
<b>Styret:</b>			
Leder:	Hilde Kvingedal	leder i 1 år	På val
Nestleder:	Arvid Breivik	2 år	Ikkje på val
Kasserer:	Øyvind Seljelid		På val
Medlem:	Karina Riise-Wergeland		På val
Medlem:	Anne Julie Hetland	2 år	På val
Medlem:	Ivar Gaulen	2 år	Ikkje på val
Medlem:	Åse Hagesæter		Ikkje på val

### *Desse vart valde:*

Leder Hilde Kvingedal ble gjenvalgt for 1 år

Nestleder Arvid Breivik ble gjenvalgt for 2 år

Styremedlem Atle Nyhammer går ut, Åse Hagesæter ble valgt inn for 2 år

1. Vara til styret ble Marianne Erstad, valgt for 1 år

2. Vara til styret ble Linn Hagesæter, valgt for 1 år

3. Vara til styret: Ingunn Aanes går ut og Atle Nyhammer ble valgt for 1 år.

### **Varafolk til styret:**

Linn Hagesæter	1 år
Marianne Erstad	1 år
Ingunn Aanes	1 år

### **Seremoninemnd:**

Åse Hagesæter	2 år
Øyvor H. Larsen	2 år
Anne Julie Hetland	1 år
Linn Hagesæter	1 år

### **Revisor:**

Jostein Mykletun	1 år
------------------	------

### **Valnemnd:**

Harry Agnar Lunde	1 år
Kristin Rongevær	1 år

## 2. AKTIVITET I LAGET.

### 2.1. Humanistisk konfirmasjon:

Med rekordpåmelding av konfirmantar i 2013, fann styret ut at tida var komen for å arrangera tre seremoniar i Strilatun. Seremoniane vart gjennomførte med eit flott og variert kulturprogram på presis 1 time, og presenterte ungdomsseremonien vår frå si beste side. Som vanleg framførde konfirmantane sjølvvalde dikt som for mange stolte foreldre kanskje var hovudpunktet i programmet. I tillegg var det nokre av konfirmantane som valde musikalske innslag som alternativ til diktlesing. Frå vår subjektive synsvinkel var det berre blide og feststemde gjestar å sjå.

Julie Lingjerde, Hanna De Groot og Ivar Gaulen var kursleiarar, og dei fortener ros for godt gjennomført kurs og seremoni med ein stor ungdomsgjeng på 44.

Fylkestyremedlem Lene Merete Palerud gav både ungdommar og vaksne mange innspel gjennom sin flotte tale. Også dette året fekk vi gode og rosande tilbakemeldingar frå foreldre og andre familiemedlemmer av konfirmantane. Både form og innhald er kan henda den beste marknadsføringa av HEF.

Seremonien i Strilatun er laget sin største kostnad. Vi har i mange år hatt høg kvalitet på heile seremonien med innleige av personar som arbeider seriøst anten det er med lyd, lys, tilrettelegging, eller kulturelle innslag. Dette betalar vi for, og utan tvil får vi gode tenester for pengane. Med mange faste innslag og røynde folk, vert det også lettare å stå som arrangør. Stor takk til dei som stiller opp.

Dette året har me ein liten nedgang, men framleis god oppslutning til konfirmasjonen vår, heile 32 ungdommar.

Kurset 2014 er kome i gang under leiing av **Åse Hagesæter, Anne Julie Hetland, Ingvild Heggertveit Hagesæter og Sondre Eidsheim Kvingedal**. Knarvik ungdomsskule er kursplass. Arbeidet med å skaffa gruppeleiarar starta tidleg, laget hadde annonse i lag med Bergen Lokallag i BT, slik at dei fekk vera med på felleskurset som går i Bergen i november kvart år.

Dette året skal konfirmantane delta på rollespelet «Opp av asken» - eit postapokalyptisk/science-fiction spel der dei skal vera overlevande etter ein katastrofe og bestemta korleis samfunnet og styresettet skal vera. Spennande!

Talet på borgarlege/humanistiske konfirmantar i perioden 2000 – 2013:

(humanistiske konfirmantar frå og med 2007):

år	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
HK	34	21	39	24	36	26	31	39	44	32

Dette gir eit snittal på 32,5.

## Konfirmasjon Hordaland - statistikk

Lokallag	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Askøy	29	46	45	26	46		43
Bergen	464	520	555	469	542		505
Indre Hardanger	14	15	25	14	16		24
Kvam		8	9	10	6		9
Midthordland	33	54	47	40	37		49
<b>Nordhordland</b>	<b>39</b>	<b>24</b>	<b>36</b>	<b>26</b>	<b>31</b>	<b>39</b>	<b>44</b>
Sotra/Øygarden	32	57	67	45	52		59
Sunnhordland	30	53	57	49	55		65
Voss og omegn	16	37	14	27	35		27
<b>Sum konfirmantar</b>	<b>657</b>	<b>814</b>	<b>855</b>	<b>708</b>	<b>820</b>		<b>781</b>

### 2.2. Humanistisk namnefest.

Det vart arrangert to humanistiske namnefestar i Knarren på Knarvik vgs , 25 mai med 6 barn, og 19 oktober på ungdomsskulen i Knarvik med fire barn. Kristin Rongevær hadde tale for dagen på begge seremoniane, det var diktopplesing og fine musikkinnslag i tillegg til allsang. Styret har gått inn for at ein har to namneseremoniar i året, ein om våren og ein om hausten.

### Statistikk Humanistisk namnefest i Hordaland og Nordhordland

Stad	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Bergen	174	159	174	188	172	167	154
Voss og omegn	3	9	5	6	6	3	7
Sunnhordland	8	7	9	6	5	4	8
Indre Hardanger	0	3	2	1	3	1	2
Nordhordland	0	2	8	0	6	7	11
Midthordland	0	0	0	3	11	14	23
Annet	0	0	0	1	0	0	
<b>Sum namnefestbarn</b>	<b>185</b>	<b>180</b>	<b>198</b>	<b>205</b>	<b>203</b>	<b>196</b>	<b>205</b>

### 2.3. Humanistisk vigsel

Statistikk Humanistisk vigsel Hordaland:

2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
72	59	46	52	49	72	68

## 2.4. Humanistisk gravferd

Statistikk Humanistisk Gravferd i Hordaland

2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
30	33	33	40	34	46	61

Det har ikkje vore Humanistisk gravferd i Nordhordland i 2013. Vi har ikkje gravferdstalarar i lokallaget, men eit medlem i HEF arbeider i Nordhordland i vekene og har sagt seg villig til å vera gravferdstalar ved behov.

## 2.5. Arbeid i styret.

Styret har hatt møter ujevnt utover i året. Med to styremedlemer på helse-turnus og ein på offshore-turnus har ikkje heile styret vore samla samtidig. Me har hatt møter for å bestemma tidspunkt for dei ulike seremoniane, og for å vurdera ulike alternativ for konfirmasjonsseremoni. Laget hadde stand i senteret arrangert av fylkeskontoret i samband med «Humanistisk veke» i oktober, dette var ein del av eit felles opplegg i heile landet.

## 2.6. Informasjon i det offentlege.

Laget har heller ikkje i år hatt innlegg i avisene, moglegheit for aktuelle tema har ikkje mangla, det er heller ressursane som har svikta.

## 2.7. Representasjon:

Arvid Breivik har vore laget sin representant i fylkesstyret med Hilde Kvingedal som vara.

Lokallaget har ein vigsjar, Harry Lunde, som har hatt oppdrag i Hordaland. På fylkesårsmøtet i mars var Ivar Gaulen og Arvid Breivik. Åse Hagesæter og Anne Julie Hetland var vara.

## 3. MEDLEMSTAL

Det vart sendt ut ein mail til medlemer (via sentralkontoret) der me spurde om praktisk hjelp til konfirmasjonsseremoniane og namnefestane, og responsen var svært god, faktisk slik at me kunne takka nei til eit par hender. Veldig bra!

## Sak 5: Rekneskap 2013

Kasserar Øyvind Seljelid legg fram revidert rekneskap

		<b>Resultat</b>	
		<b>Debet</b>	<b>Kredit</b>
<b>Konfirmasjon 2013</b>			19 010,15
<b>Namnefest 2013</b>			132,00
<b>Lagsdrift</b>		1 097,00	
<b>Inntekter</b>			12 239,00
<b>Overskot</b>		30 284,15	
		<u>31 381,15</u>	<u>31 381,15</u>

		<b>Egenkapital</b>	
		<b>Debet</b>	<b>Kredit</b>
<b>Saldo 1.1.2013</b>			12 460,52
<b>Saldo 31.12.2013</b>		42 744,67	
<b>Overskot</b>			30 284,15
		<u>42 744,67</u>	<u>42 744,67</u>

## Sak 6: Budsjett 2014

### Budsjett 2014

#### Inntekter:

Offentleg støtte	6000
Kursavgift humanistisk konfirmasjon	75000
Namnefestavgift	10000
Bruk av egenkapital	18000
<b>Sum inntekter</b>	<b><u>109000</u></b>

#### Utgifter:

Kursleiing humanistisk konfirmasjon	32000
Honorar seremoniar	30000
Kursbøker	7000
Kursutlegg (pizza, bli kjent)	3000
HK-leir	9000
Seremonikostnader (trykk, gåver, blomar, lokale)	12000
Lokallagsdrift (annonsering, porto)	2000
Namnefest	14000
	<b><u>109000</u></b>

## Sak 7: Val

Valnemnda legg fram sitt forslag.

#### **I tillegg skal det veljast:**

- Lokallaget sitt medlem i fylkesstyre:
- Lokallaget sitt varamedlem til fylkesstyre:
- Tre utsendingar til fylkesårsmøte
- Varautsendingar til fylkesårsmøte